

Referat fra styremøte torsdag 9. oktober 2014 kl. 10.00 – 15.00

Møtet vart halde på Norlandia Hotell Otta.

Deltakarar: Arnfinn Beito, Anne Kari Veikleengen, Bjørn Even Stenberg, Ellen Marie Syse, Anders Svare og Pål Kjørstad. Tore Krogsveen hadde meldt forfall.

Sakliste:

Sak 43/2014: Referatsaker

Referat frå styremøte 12/08 2014, referatet vart godkjent og lagt ut på heimesida.

Møte m/Klima og Miljøministeren på Lillehammer 09/09 2014 i samband med den generelle rovviltutfordringa i Oppland og med bakgrunn i brev til MD frå organisasjonane. Terje Holen la fram saka for organisasjonane, Arnfinn og Pål møtte frå OSG.

Møte m/Klima og Miljøministeren og Landbruk og Matministeren i Oslo 17/09 2014 i samband med «beiteneksaka». Pål Kjørstad la fram saka for organisasjonane, i tillegg møtte Arnfinn frå OSG.

Svar på anke av vedtak i «beiteneksaka» i mail frå 26/09. Mattilsynet RK Buskerud, Vestfold og Telemark vedtok at vedtaket frå Mattilsynet DK Gudbrandsdal var i orden, og at anka frå alle bondeorganisasjonane ikkje vart teke til følgje på eit einaste punkt. Etter at vedtaket kom tok Pål Kjørstad kontakt med fleire i Mattilsynet og lurte på om dei hadde lese klaga vår og om det ikkje vart teke omsyn til praktiske vurderingar som t.d. dominoeffekten dette gjer for heile beitenæringa i Oppland, og at det faktisk er andre forvaltningsetatar enn beitebrukarar som er årsaken til saka og skadane beitebrukarane har vorte påført. Dei ymse representantane i Mattilsynet reagerte alt frå å leggja på røret til å lytta og vera delvis einige i at dette var ei svært vanskeleg sak. Dei sentrale organisasjonane i landbruket er varsla, og det er dei som nå må finna strategien vidare. OSG v/sekretær fortset likevel med å «fôra» organisasjonane med stoff frå partane/grasrota i saka. Arnfinn vil ta opp saka med Mattilsynet på evalueringsmøte i rovviltnemnda i november og utfordra Mattilsynet med at dei må informera rovviltnemnda og beitenæringa i god tid om planar dei har for ny beitesesong både med partane i denne saka og eventuelle nye partar som «dukkar» opp med bakgrunn i 2014-tal. Styret i OSG vurderte òg kva dei skulle leggja vekt på for å illustrera alvoret i saka og foreslo at dei ville leggja fram faktatal om kva beitenæringa betyr i Oppland både økonomisk og for busetjinga. Vi veit at det er gjort ei berekning av verdien av utmarksbeite i Lesja og til dels i Dovre (beitebruksplanar og artikkel i lokalavisa Vigga), og at FM i Oppland v/landbruksavdelinga gjorde eit større arbeid på dette i fjor. Styret vil i alle fall visa dei ansvarlege kva konsekvensar «beiteneksaka» kan få for Opplandsamfunnet.

Sak 44/2014: Seminarprogram til årsmøtehelga 2015:

Følgjande program vart vedteke i samband med årsmøtehelga vår 13. – 15. februar 2015.

Fredag: Årsmøte i Ring 41, seminar: Kurs i drift av lokallag, ansvarlege: Arnfinn Beito og Anders Svare.

Laurdag: Årsmøte OSG, seminar: Tema: Gjetarhund –foredrag: Tilbod og aktivitet i Oppland i dag, foredrag v/rep. frå Oppland Gjetarhundlag. Kurs/prøver brukshund – nye tankar,

v/egna person – forslag Jon Sand, syne relaterte videoar. Ansvarleg: Anne Kari Veikleenget. Årsmøte Oppland Gjeterhundlag.

Søndag: Seminar: Tema: Gjerdeutfordringar, streifbeiting, gjerdelova/voktarlova/lensmannsskjønn/forlik. Ellen sjekkar med foredragshaldar på kurs ho skal på i samband med jobben sin. Ansvarlege: Ellen M Syse og Bjørn Even Stenberg. Aktuelt geitetema. Ansvarleg: Tore Krogsveen.

Ansvarleg for påmeldingar og gjennomføringa av helga: Pål Kjørstad, som tek kontakt med Endre Amundgård angående dansemusikk. Frist for å ha fått dette på plass vart sett til 15/11, slik at eventuelle endringar kan skje på neste styremøte før paringssesongen.

Sak 45//2014: Bruk og rettar av bilete brukt i OSG:

Tobias Stubrud har pr. tlf og mail kome med trugsmål til styret i OSG i samband med at organisasjonen har brukt og brukar bilete han påstår han har rettar til og vil ha dei fjerna frå nettsida, årsmeldingar, rollups og andre publikasjonar OSG har gjeve og gjev ut.

Saksopplysningar sett frå OSG sitt arbeid og arkiv v/Pål Kjørstad:

I sekretærens si tid i OSG har sjølv sagt, som i alle andre lag, bruk av foto og data auka. Eg starta med nettsida som varamann til styret i 2001 og særleg frå siste versjonen av nettsideprogrammet kom i 2011, har bruken av bilete på kvar artikkel vorte gjennomført. Frå Ken Lunn starta som sekretær i 2004 vart årsmeldinga og andre publikasjonar prega av meire bruk av bilete. I seinare år har vi i styret bestemt eller peika ut folk som kunne ta bilete spesielt i samband med årsmøter og seminar, der bl.a. Ken Lunn, Sidsel Røhnebæk, Knut Kjørstad, Pål Kjørstad, Tobias Stubrud og Toril Hårdnes har bidrege. Tobias Stubrud vart i si tid bede om å ta bileter i samband med årsmøte/seminar i Øyer 2011 og på Gjøvik 2012. Han tok òg nokre bilete frå årsmøtet/seminaret i Vågå 2010. I tillegg har han teke bileter, som har vorte brukt i årsmeldingar for OSG 2012 – 3 stk, 2011 – 5 stk og antageleg i 2010 – 2 stk. På årsmøtet i Øyer 2011 tok Astrid Stubrud styrebilete og enkeltbilete av styremedlemmane til bruk på nettsida. På nettsida har desse og nokre fleire vorte brukt i ulike artiklar frå 2011 – 2014, i alt i 47 artiklar. 24 av desse artiklane vart publiserte medan Tobias enda var styremedlem i OSG. Viser elles til avslutning av brevet til Tobias Stubrud:

Jeg ber derfor om at alle mine bilder fjernes fra OSG sine hjemmesider innen 17/10 2014 kl 12.00 og at den eller de av de rollups der mine bilder er brukt blir dokumentert destruert innen samme tid. Mine bilder kan ikke under noen omstendighet brukes av OSG i framtiden

Hvis ikke dette skjer vil jeg etter samråd med advokat eller gjennom denne komme tilbake med et fornyet krav om at de blir fjernet/destruert og ikke brukes i framtiden. Da vil det også bli krevd en kompensasjon for ulovlig bruk av mine bilder og dekning av utgifter jeg måtte få for å få dem fjernet.

Beklager å måtte gjøre det på denne måten men Leder og sekretær og tidligere sekretær har hatt 1 måned på å reagere på men de ønsker tydeligvis å bruke resursene til Osg på konflikt og ikke løsninger.

Det er ikke lenger interessant for meg om OSG er demokratisk og velfungerende , men jeg ber likevel om at det enkelte styremedlem ser galskapen i den linjen som sekretæren legger opp til og sørger for at bildene blir fjernet så raskt som overhodet mulig. Senest 17/10 2014 kl 12.00

Tobias Stubrud

Styret orienterte om dette:

Sekretæren har på eige initiativ og for eiga rekning fjerna alle 47 artikkelbileta, som var teke av Tobias Stubrud, frå heimesida til OSG og skifta dei ut med andre relaterte bilete teke av andre personar. Det 48. artikkelbilete, som Stubrud påstod han hadde teke, var i følgje sekretæren henta frå NSG sitt bildearkiv på nsg.no og vert ståande. Sekretæren eller styret vil heller ikkje bruka noko av bileta, som Stubrud påstår at han har einerett til seinare. Bileta kunne nok ha vorte ståande der og brukt seinare, da bileta er teke i regi av OSG og at ingen i OSG hadde fått beskjed om anna før i haust. I tillegg var t.d. enkeltbileta av styremedlemmane teke nettopp for å leggjast ut på heimesida. Men da denne meldinga kom og eskalerte til nye høgder var nettsida den lettaste å reinska opp i. Da er det meir drastisk med allereie fysiske publiserte bileter i årsmeldingar og rollups. Når det gjeld rollupsane våre, så har vi funne ut at Tobias Stubrud antageleg har 1 bilete på 1 eller 2 av dei. Rollupsane vart vedteke og laga medan han sjølv sat i styret i OSG, og vi har styremøtevedtak på prosessen.

Vedtak i saka:

Styret meiner at alle bileta OSG har brukt gjennom åra har vore brukt i god tru ettersom ulike personar i styret og utanom styret har vald å gje OSG kopiar av dei til bruk i organisasjonen. Ingen av desse personane har nokon gong kome att og kravd kopiar av bileta sine sletta før denne saka dukka opp i haust. Bileta, som var teke av Tobias Stubrud, vart i hovudsak teke for bruk på nettsida og for bruk i andre publikasjonar gjort av OSG, medan andre bilete han tok var teke i meir privat regi, som Tobias sende inn til dåverande sekretær som forslag til bruk i årsmeldingar, rollups og andre publikasjonar. Tobias Stubrud valde i si tid å kopiera mange av desse bileta, han la dei på ein minnepenn eller sendte dei som vedlegg i epostar og gav dermed kopiane til OSG til bruk på nettsida, til bruk i årsmeldingar/infoskriv og til bruk i rollups. Da kravet om fjerning av alle bilete teke av Tobias Stubrud kom, kunne styret imøtekoma dette delvis ved å fjerna dei frå eige nettside. Bilete teke av Tobias Stubrud, som er brukt i utjevne årsmeldingar, rundskriv og rollups er mykje vanskelegare å fjerna. Styret meiner òg dei har full rett til å bruka dei, da Stubrud sjølv sat i styret og var med og vedtok at OSG kunne bruka dei. Det er heller ikkje etter det styret veit lagt ved noko heftingar/føringar på bruken av bileta Tobias Stubrud gav OSG løyve til å bruka i si tid. Styret i OSG sender eit svarbrev til Tobias Stubrud, som vert skriva av Arnfinn Beito og skal innehalda bl.a. dette:

- a) Artikkelbilete i 47 nettartiklar på nsg.no/oppland, teke av Tobias Stubrud, er pr. dags dato fjerna og erstatta med bilete teke av andre.
- b) OSG vil i framtida ikkje publisera nokon bilete teke av Tobias Stubrud i nye artiklar på nettsida eller nye publikasjonar, så som årsmeldingar, rundskriv, rollups eller liknande.
- c) Bilete som alt er publiserte i årsmeldingar, infoskriv og rollups vil bli ståande

- d) Det er ønskje om at denne saka vert avslutta med ei skriftleg semje mellom partane Tobias Stubrud og styret i OSG.

Sak 46//2014: Avlssaker:

Evaluering av kåringa 2014:

Kåringane i Oppland er nå gjennomførte. I starten vart det grunna sentrale manglar i Animalia mykje styr og stell med kåringskjema og innmeldingar til kåringane. Da dette vart løyst av Thor Blichfeldt fekk vi ein del lokale vanskar. I enkelte kåringar vi har høyrte om, som t.d. i Øystre Slidre, N-Fron og Skjåk vart gjennomføringa av kåringa prega av mangel på frammøte av sekretær/kåringsdommarar og/eller av mangel på kåringsmerker. Kåringa er i utgangspunktet ein positiv aktivitet i det organiserte sauehaldet, og da må fyrst og fremst organiseringa frå OSG vera i orden. Neste år må difor organiseringa gjerast skikkeleg ved at ansvarlege dommarar/sekretærar møter opp – d.v.s. at vi har ein eller 2 faste vikarar som kan steppa inn og at vi har nok kåringsmerker til kvar tid. Det må òg takast ei vurdering om antall dommarar i Vågå og i Gausdal. Styret ser det som greitt at det vert teke ei evaluering av opplegget i haust der kåringsdommarane vert kalla inn.

Sak 47//2014: Gjetarhundsaker:

Det har vore arrangert Norgesserieprøver i Vågå 20-21/09 og i Kvitfjell 27-28/09.

Arrangementet i Kvitfjell fungerte òg som prøving av bane og sau til NM neste år, 3-4/10.

Fylkesmeisterskapet i Oppland vart arrangert 4-5/10, der Jan Briskeby med Arja stakk av med sigeren. Uttak av ekvipasjar til NM frå Oppland: Ytre m/2 hundar, Solbakken m/2,

Veikleengen m/2 hundar, Briskeby m/2 hundar. Lomsdalen m/1 hund, Sveen m/1 hund og Høygård m/2 hundar. Styret i OSG ønskjer dei alle lykke til!

Sak 48//2014: Rovviltsaker:

Beitesesongen 2014 – Enkelte beiteområder/beitebrukarar i Oppland har nok ein gong hatt eit katastrofeår i forhold til tap av beitedyr grunna jerv. Dette gjeld enkelbeitebrukarar i Norddalsområda og Midtdalsområda aust for Laugen. Vi har òg høyrte at beitebrukarar i Land og i søre delen av Valdres enkeltvis har hatt store lammetap. Likevel og heldigvis vert nok ikkje tapstala for fylket slik som i rekordåret 2013 særleg grunna at tapa til ulv og bjørn ikkje har nådd slike høgder. Det vert spanande å sjå fasiten som kjem etter kvart.

Styret i OSG vil føreslå eit nytt samarbeid mellom organisasjonane (OB, OBS og OSG) om oppmøte på møter i rovviltnemnda/andre relaterte møter for å spara ressursar. Da kan den personen som møter opp representera beitenæringa i Oppland.

Vedtak: Arnfinn tek kontakt med faglaga i Oppland, OB og OBS, ikring temaet.

Fleire vedtak gjort av Miljødirektoratet er i denne regjeringstida vorte anka og endra av Klima og Miljødepartementet. OSG vil råda rovviltnemnda i Oppland til å anka vedtak i framtida for å få jervforvaltninga til å gå i motsett veg av det som har vore trenden dei siste åra.

Oppland Sau og Geit v/leiar Arnfinn Beito har meldt ein hundeeigar til politiet, som har hatt 2 hundar som har vore lause mange gongar i sommar og sjølv innrømma dette forholdet på trykk i heddalen.no. Dette er gjort på generelt grunnlag for og ikkje følgja reglane om bandtvang

Jervkvota vart som kjent sett til 12 individ i Oppland. OSG vil pressa på for å få rovviltnemnda i Oppland til å få Miljødirektoratet til å vedta at jervkvota skal takast ut av SNO frå 1/1 2015 og

utover dersom ikkje kvota er fylt ved nyttår. Arnfinn tek kontakt med OB og OBS for at vi skal stå samla om kravet.

Sak 49//2014: Representtantskapsmøte i NSG 15/10:

Saker som styret vil ta opp i samband med dette møtet:

- a) Artikkel av Tone Våg i Bondeblad, ordbruk – beitenekt, skal vera «restriksjonar i beitebruk. «Beitenektsaka» skal òg sjølvstilt nemnast., der vi presiserer at NSG har saka.
- b) Mail frå NSG angående medlemskap i NSG i forhold til kåring. – Oppland har hatt dette kravet alltid.
- c) Gjetarhundprøver – spørja om kven som har ansvar for å kontrollere medlemskapet.

Sak 50//2014: Eventuelt:

a) Spørsmål frå rekneskapsførar ikring lønna til sekretæren m.o.t. om feriepengar skal vera inkludert eller ikkje.

Vedtak: Lønna er inkludert feriepengar. Dette skal vera med i neste års reviderte avtale.

b) Generell praksis kjøring og timer på møter, jmf. sak 42/2014 på førre styremøte: «Rutinar, møter og kjøring i styret. Det vart presisert at alle som kan få det til køyrer saman til styremøter og andre møter som styret møter på. Det vart òg presisert at OSG berre dekkar kjøring til styremøter og andre møter frå heimeadressa til tillitsvalde, dersom ikkje spesielle høver talar for noko anna.»

c) Andre saker. Neste styremøte skal leggjast til Dombås Hotell om lag 15/11 2014.

Otta, 9/10 2014, Pål Kjørstad, sekretær.